

Informasjon om musikkterapitilboden ved Bjørgvin distriktspsykiatriske senter (DPS)

Innhald

Pasientar ved Bjørgvin DPS kan få tilbod om aktiv og reseptiv musikkterapi individuelt eller i gruppe. I aktiv musikkterapi utøver ein musikk, medan ein i reseptiv musikkterapi lyttar til musikk. Ein treng ingen musikalske ferdigheitar for å gå i musikkterapi. Behandlinga tek utgangspunkt i pasienten sine ressursar, interesser og behov. Aktuelle arbeidsmetodar kan vera å syngje, lære å spele eit instrument, spele i saman, spele i band, låtskriving, improvisasjon, programmering av musikk, framføring, innspeling og å lytte til musikk - gjerne kombinert med samtale. Dersom pasienten er i tvil om musikkterapi er aktuelt, kan ein be om forvernsamtale med musikkterapeut.

Tilvising

For å få tilbod om musikkterapi ved Bjørgvin DPS må pasienten sin hovudbehandlar søkje gjennom journalnotat i DIPS. Når ein hentar opp notatmalen skriv ein på linja for «dokumentbetegnelse» «Søknad om musikkterapi». Ei kort begrunnning om kvifor ein tenkjer at pasienten kan ha nytte av musikkterapi er tilstrekkeleg. Behandlar må i tillegg sende ein gul lapp til musikkterapeut Øystein Lydvo for å informere om søknaden. Ein må vanlegvis pårekne litt ventetid for å få individuelt tilbod.

Nytteverdi

Forsking syner at musikkterapi i psykisk helsevern har positiv effekt på motivasjonsnivå, affektiv tilstand, stemningsleie og relasjonelle og sosiale dugleikar. I nasjonale retningslinjer for psykosebehandling tilrår Helsedirektoratet bruk av musikkterapi på høgaste evidensnivå og med høgaste gradering. Der er musikkterapi spesielt tilrådd for å redusere negative symptom. Behandlinga bør i følgje retningslinjene starte i ei så tildleg fase som mogleg, samt utførast av terapeuter med godkjend utdanning innan musikkterapi. Eit minimum på 20 timer kan vera nødvendig for å oppnå moderat effekt. Musikkterapeuten deltek på behandlingsmøter, journalfører i DIPS og registrerer i pakkeforløp.

Gruppetilbod

Gruppebehandlinga som er tilknytt Tertnes allmennpsykiatriske poliklinikk har gruppetilbod i musikkterapi. Behandlar kan søkje pasientar inn til gruppebehandlinga. Gjennomsnittleg behandlingstid er tre månader. Pasientar ved sengepostane C3 og C4 ved Fagområde psykose og recovery kan benytte seg av det reseptive gruppetilboden Musikkopplevelser. Guppa blir leia av musikkterapeut i samarbeid med psykiatrisk sjukepleiar og har fokus på musikklytting og samtale. Musikkopplevelser er også eit eige gruppetilbod for pasientar ved Bjørgvin psykosepoliklinikk. Behandlar følger vanleg søknadsprosedyre for pasienten her. Knarvik allmennpsykiatriske poliklinikk har musikkgruppe kvar fredag. Alle pasientar ved Bjørgvin DPS kan benytte seg av musikkafe'en på U82-huset kvar fredag kl 13.30-15.00 utan påmelding. Dette er eit ope lavterskelttilbod.

Oppølgjing

Musikkterapeutane ved Bjørgvin DPS arbeider etter tretrinnsmodellen med 1 - musikkterapi som behandling på klinikken, 2- tilbod om oppfølging på U82-huset og 3) støtte til musikk som kvardagsressurs og sjølvstendig kulturaktivitet. Musikkterapeuten kan søkje pasientane vidare til det kommunale oppfølgingstilboden MOT82 på U82-huset og/eller dei kan benytte seg av opne tilbod der.